

Referat frå møtet i Styringsgruppa for Vassområde Randsfjorden Søndre Land Rådhus 29.09.2015 kl. 13.00 – 15.00

Tilstade:

Nils Hesthagen- Søndre Land, Trygve Rognstad- Gran (med fullmakt frå Arne Skogsbakken), Kari-Anne Steffensen Gorset- Lunner (med fullmakt frå Tore M. Andresen), Hans Tollef Solberg- Jevnaker (med fullmakt frå May Britt Nordli), Ola Hegge- Fylkesmannen, Heidi Eriksen og Kristin Loe Kjelstad- Oppland Fylkeskommune, Petter Glorvigen- NVE og Kari-Elin Saglien- prosjektsekretær.

Forfall:

Øystre Slidre, Nord-Aurdal, Gausdal, Nordre Land og Etnedal hadde ingen representant med fullmakt tilstade ved møtet.

Saksliste:

1. Val av ny leiar for styringsgruppa.

Styringsgruppa foreslår Jarle Snekkestad, rådmann Nordre Land, som ny leiar for styringsgruppa.

Arbeidsutvalet vil da bestå av: Jarle Snekkestad, Kristin Loe Kjelstad og Arne Skogsbakken.

Samansetting av styringsgruppa for perioden 2016-2018 er foreslått i vedlagt saksframlegg til styringsgruppemøtet.

EINSTEMMIG VEDTEKE (med applaus)

2. Tilsetting av prosjektleiar/ sekretær for vassområdet i perioden 2016-2018.

Kontrakt med prosjektsekretær i 20 % stilling går ut 31.12.2015.

Styringsgruppa foreslår at vassområdet bør tilsette ein prosjektleiar i 50 % stilling i perioden 2016-2018.

Det blir sett på som vesentleg for gjennomføringa av vassforvaltningsplanen lokalt at det er ein koordinator på plass som kan fremje samarbeidet på tvers av sektorane og som held fokuset oppe i kommunane. Prosjektleiaren skal vere med å trekke essensen ut av den regionale tiltaksplanen og skape engasjement og debatt rundt aktuelle tiltak for kvar enkelt kommune i vassområdet. Prosjektleiaren skal dessutan bistå kommunane i arbeidet med å gjennomføre tiltak i handlingsplanen når denne er klar.

Det er foreslått fleire alternativ for tilsetting og organisering av prosjektleiarstillinga. Forslaga omfattar plassering hjå fylkesmannen, i Etnedal kommune, i ein av de andre kommunane eller i Landsbyen næringshage.

Det er foreslått same finansieringsmodell som tidlegare for drift av vassområdet. Kommunane må sjølv finne ei løysing på sin del av finansieringa. Prosjektet er eit spleiselag og det er i utgangspunktet ikkje mogleg å melde seg ut av samarbeidet om drift av vassområdet.

Nærmere om ulike alternativ er omtala i saksframlegg til styringsgruppemøtet.

EINSTEMMIG VEDTEKE

3. Rekneskap for vassområdet 2014

Etter gjennomgang av endeleg oppsett for 2014 blir det foreslått at styringsgruppa godkjenner fjorårets rekneskap.

EINSTEMMIG VEDTEKE

4. Liten oppdatering på 2. gongs høyring

Den regionale planen for vassforvaltning var ute til høyring og offentleg ettersyn i perioden 20. mai til 14. juli dette året. Det kom 58 innspel.

For Randsfjorden vassområde var det følgjande aktuelle saker:

- *NVE stiller spørsmål ved at mellom anna tiltaket for Åvella ikkje har godt nok kunnskapsgrunnlag. Arbeidsutvalet for vassregionen hadde møte den 24. september. Det vil nok komme ein konklusjon frå dette møtet. NVE har meldt at dei vil be om at deira ueinigheit blir teke inn i forvaltningsplanen.*
- *Randselva er også kommentert i høyringsprosessen. Det er påpeikt frå Ringerike Sportsfiskere at elva bør opnast slik at fisken kan gå heilt opp til Randsfjorden. For Randselva ligg det inne eit forslag til nytt manøvreringsreglement. Det er påpeikt av Foreningen for Randsfjordens regulering at vassforvaltningsplanen må ta omsyn til rapportane som manøvreringsforslaget byggjer på. Ola kommenterer her at det er urealistisk å opne fiskevandringshinder heilt opp til Randsfjorden. Mellom Kistefosdammen og Randsfjorden er det uansett ikkje egna gyteforhold. Det er meir aktuelt då å sikre god oppgang opp til Kistefosdammen. Det er også viktig å ikkje lage eit manøvreringsreglement for Randselva som fører til eit meir aggressivt reglement for Randsfjorden.*
- *2. gongs høyringsrapport er utover dette av meir generell karakter.*

TEKE TIL ORIENTERING.

06.10.2015

Referent: Kari-Elin Saglien, prosjektsekretær